



## SAKSPAPIR

| Saksnr   | Utval                               | Type | Dato       |
|----------|-------------------------------------|------|------------|
| 107/2016 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS   | 21.11.2016 |
|          | Kommunestyret                       | PS   |            |

| Sakshandsamar       | Arkiv              | ArkivsakID |
|---------------------|--------------------|------------|
| Ann Kristin Bolstad | FA - X03, TI - &73 | 16/1371    |

### BUSETTING AV FLYKTINGAR 2017

#### Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktingar 2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vil busette inntil 20 flyktingar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 107/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune vil busette inntil 20 flyktingar i 2017 med atterhald om at kommunen klarer å skaffe bustader til alle.

#### Saksopplysningar:

Busetting av flyktingar

IMDI har i brev motteke 10.10.2016 oppmoda kommunen om å busette 12 flyktingar i 2017. Dei har fått eit førebels svar om at kommunestyret skal handsama saka 12. desember 2016.

I 2017 vil det vera behov for å busetja 13 000 flyktingar i norske kommunar, kor av 1 100 er einslege mindreårige under 18 år. Om lag 40% av dei einslege mindreårige er under 15 år. Busettingsbehovet er lågare enn tidlegare plantal frå IMDI. Færre asylsøkjjarar til Noreg og færre som vert innvilga

opphald er hovudårsakene til at behovet har gått ned. Så langt har kommunane vedteke å busette i underkant av 10 000 flyktningar neste år. Dermed krevst det framleis fleire plassar i nokre kommunar for å dekkja busettingsbehovet. Oppmodingstala til den einskilde kommune er utarbeidd i samråd med IMDi og KS.

Kommunen har busett flyktningar kvart år sidan 2009, 40 flyktningar i perioden 2009 – 2011 og 18 flyktningar i perioden 2012-2014. Kommunen sitt tenesteapparat som flyktningetenesta, helsetenesta, Nav, barnehage, skule og eigedomstenesta har over tid bygt opp kompetanse og bidrar alle til ei god busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningane. I august 2016 opna vi òg Vaksdal introserter der flyktningar skal ha ei dør inn til dei tenestene dei har trong for. VIS har busetjing, kvalifisering og integrering av flyktningar som arbeidsområde.

Det er begrensa tilgang på kommunale husvære, men kommunen har eit godt samarbeid med private huseigarar. Dei fleste vert i dag busett i private husvære som kommunen leiger, det gir meir spreidd busetjing og bidrar til god integrering. Dei har og høve til å finne bustad sjølve om dei ønskjer det. Mange einslege flyktningar bur i bufellesskap med andre. Gjennom ordninga om framleie og bufellesskap sikrar vi at bu-kostnadane vert akseptable for flyktningane slik at dei kan klare seg på egne inntekter som introduksjonsstønad og ev deltidsjobb.

Tilgangen på husvære er god, det er og noko «omløp» ettersom nokre av dei som er busett har flytta ut av kommunen på grunn av jobbtilhøve eller utdanning. Andre har busett seg meir permanent i kommunen og vert buande i husvære eller leigar anna bustad i kommunen sjølve.

Integreringstilskot utgjer saman med tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag i stor grad det økonomiske grunnlaget for busetjing- og integreringsarbeid i kommunane. Andre tilskot vert gitt til særlege satsingar, t.d mindreårige flyktningar. Integreringstilskotet vert tildelt over ein periode på 5 år. Overskot i enkeltår vert sett av til fond for å dekkje kostnadar seinare år, jf kommunestyrevedtak. Det har så langt ikkje vore naudsynt med tilleggslyvingar frå kommunen, tilskotet har vore tilstrekkeleg. Generelt er det slik at busetjing bør ha ei visst volum for at det skal vera berekraftig økonomisk over tid. Våre analyser viser at ei busetjing på min 18-20 personer årleg er nødvendig for å drive i balanse over tid, herunder òg drift av Vaksdal introserter.